

MØTEREFERAT 7. FEBRUAR 2023

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Tysdag 7. februar 2023 Kl. 17.00-19.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Kaffi:	Ingebjørg
Opning:	Reidar

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Møtte: Marta Kristin Valvatne, Oddbjørg Løkling, Heine Kaldefoss, Jens Arne Stautland, Karen Marie Valvatne, Ingebjørg R. Grønsdal, Randi Bod Haugsdal, Reidar Ådnanes

Fråvær: Ståle Betten, Kristine Wiersen, Katrine Valvatne Kvernenes,

SAKLISTE

2023/01 - 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak: Godkjent.

2023/02 - 012.1 Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 06.12.2022 og 13.12.2022

Vedtak: Godkjent.

2023/03 - 340 Diakoni

Saksutgreiing: Diakon Olaus Gloppen er med på møtet.

Ho stiller spørsmålet om det er naturleg med felles diakoniutval. Soknerådet er positive til felles utval. Det som er viktig å få fram, er at når ein har felles arrangement i ei av kyrkjene. Er det eit arrangement for begge sokn.

Ho orienterer om arbeidet som diakon. Besøksteneste, sorggruppe, open kyrkje. Diakonen har no hatt kontakt med flyktningkoordinator. Det skjer mykje for flyktningane frå Ukraina. Det er i gang eit arbeid med ei gudsteneste for flyktningar no før påske. Gudstenesta vert i Stord kyrkje og Jørgen Knudsen vert prest på den gudstenesta.

2023/04 - 046 Årsmelding

Saksutgreiing: Leiar har skrive forslag til årsmelding frå soknerådet. Den ligg ved som vedlegg til soknerådet. Soknerådet ynskjer at årsmeldinga frå soknerådet blir sendt som lesarinnlegg i Sunnhordland.

Forslag til vedtak: Årsmeldinga vert godkjent slik den er skriven med nokre små endringar.

2023/05 - 210 Oreinteringsak om tilsetting av spesialprest

Saksutgreiing: På grunn av tidsfrist måtte AU gjera uttalen om tilsetting av spesialprest. AU tilrår at Runar Larsen vert tilsett som spesialprest i Stord og Nysæter sokn.

2023/06 - 310 Ny representant i Gudstenesteutval

Saksutgreiing: Då gudstenesteutvalet vart oppnemnt. Var det to medlemmer frå soknerådet og ein representant frå kyrkjelyden. No er Marit Stalheim Grimstad ute i permisjon og Reidar Ådnanes er sokneprest. Det trengst difor to nye medlemmer. Gunnvor Lie Andersland er spurt om å vera representant frå kyrkjelyden. Ho har svar ja.

Vedtak: Soknerådet oppnemner Gunnvor Lie Andersland til fast medlem i gudstenesteutvalet.

2023/07 - 273 Evaluering av døgnet

Saksutgreiing: Kva synest soknerådet om plassen, tema og bruk av tid?

Hotell og mat var ei klar oppgradering frå sist. Veldig bra opplegg med å ta vidare det me hadde starta med i september. Planarbeid er viktig for å koma vidare, og for å få på plass det arbeidet soknerådet skal gjera.

Det er fint med eit slikt døgnet. Det å bli kjent gjennom måltid og hyggeleg samtale byggjer fellesskap. Dette kan vera nyttig å ta med vidare i arbeidet i soknerådet.

2023/08 - 217 Folkehelsedagane

Saksutgreiing:

Det er "folkehelsedagar" 10. og 11. juni i Leirvik sentrum. Denne helga føregår det veldig mykje i kyrkjene. I fjor var me med på stand laurdagen. Og søndag var det familiegudsteneste på Osvald pub. Reidar har kontakt med Tove V Agdestein om gudsteneste. Det er ikkje bestemt noko der ennå.

Vedtak: Soknerådet stiller med 4 personar til stand laurdagen.

2023/09 - 002.31 Soknerådsvalet

Saksutgreiing:

Nominasjonskomiteen er komen i gang med sitt arbeid. Lista skal vera klar til 31.03.

Nominasjonskomiteen har laga brev til aktuelle kandidatar. Soknerådet fordelte lista med aktuelle kandidatar. Slik at alle er med og deler ut brev til folk dei kjenner.

Nominasjonskomiteen fordeler kven som skal ringa kven etter kvart som me har delt ut og fått svar frå dei som ikkje ynskjer å bli kontakta.

• Generell informasjon

1. Kva skjer framover? Kyrkjemiddag 19. mars blir her i kyrkja. Dette er vedteke saman med Sagvåg bedehus. Oddbjørg og Heine tek ansvar for den komiteen.
2. Skjertorsdag kveldsmat etter gudstenesta. Marta Kristin og Jens Arne er komite.
3. Basar til hausten? Det blir basar 28.oktober
4. Misjonssøndag 30 april eller 14. mai. Då vert det laga til ktivitetsdag på Valvatna etter gudstenesta..
5. Idè til kyrkjelydsfest? Me legg det på is.
6. Reidar informerer frå staben. Flytting av kontor til «postbygget» sideinngang i 1. etg. Minnelund på Nysæter kjem på plass no i vår. Det blir kveldsgudsteneste «askeonsdag» 22.02. kl 19.00. Gode søkarar til kyrkjegardsarbeidar. Det er og lyst ut stilling som kyrkjelydspedagog, men det blir jobba for å få fleire søkjarar. Det er utfordrande å få til alle friluftsgudstenestene som ein ynskjer til våren. Jobbar for å få til «Fest i vest» gudsteneste som ei friluftsgudsteneste i Gruvene.

Marta Kristin Valvatne
soknerådsleiar
sign.

Brynhild Meyer Stautland
sakshandsamar
sign.

Neste møte i Nysæter sokneråd

Tid: 11. april 2023 kl 17.00-19.00

Møtestad: Nysæter kyrkje

Opning: Brynhild

Kaffi: Karen Marie